Bygda med det spinnan

KRISTINE M. STENSLAND - TEKST
kristine@gjesdalbuen.no

Ulla går som ein raud tråd gjennom næringslivet i Oltedal. Ved sida av tråden, renn vatnet.

HISTORIE: Torbjørn Mork Oftedal er meir enn gjennomsnittleg interessert i historia til heimstaden Oltedal. Nyleg starta han ei Facebook-gruppe som mellom anna tek for seg næringslivet i bygda. Spør ein han om korleis utviklinga har vore, har han mykje på hjartet.

Magnhild Lomeland (f. Berge) i forgrunnen og Betty Oftedal var blant dei tilsette på veveriet på Svanedal. (Bildet er henta frå fotosamlinga

TREVARE

– Dei fyrste bedriftene starta opp her på 1800-talet. Dei dreiv med trevare og var smedar. Vegen til Oltesvik blei opna i 1878. Før den tid måtte ein ro over Ragsvatnet for å få ut varene. Då vegen opna, blei det lettare.

Frå barndomen på 50-talet kan Oftedal hugsa at det var mange eiketre i Øvre Oltedal.

– Dei som dreiv med trevare, laga mellom anna tresko og pinnestolar. Men etter kvart blei det vanskeleg å få tak i trevirke.

ULLVARE

Ein av dei som dreiv med tre, var ein bonde med namn Ludvig Lima. Ifølgje Oftedal var dette ein svært driftig kar.

– På 1880-talet starta han eit elektrisitetsverk. Eg har høyrt at det var det andre e-verket som blei starta i Noreg. I 1886 var Lima med på å få i gang Oltes ullvare, og han eigde Oltedal ullspinneri. Etter kvart overtok han også Oltes ullvare aleine. Spinneriet spann garn og Oltes ullvare laga stoff til kjolar og dressar. Noko av ulla dei brukte, kom heilt frå Island.

Oftedal finn fram ei liste med tal på tilsette i dei ulike verksemdene i 1910.

– Oltes ullvare hadde 40 tilsette, og Oltedal ullspinneri hadde fire. Oltedal veveri, som blei starta i 1908, hadde 15 tilsette. Familiebedrifta Vang spinneri hadde fem.

I 1910 forsvann Oltes ullvare frå Oltedal.

– Dei fusjonerte med Hillevåg ullvare og flytta verksemda til Hillevåg.

KONFLIKT

Oftedal fortel at Oltedal veveri, som seinare fekk namnet Svanedal ullvarefabrikk, vaks fort, sjølv om verksemda merkte dei svingande konjunkturane i industrien godt. Men det var ikkje berre ytre forhold som gjorde drifta vanskeleg.

– Det var store konfliktar mellom tilsette og leiinga. Dei tilsette kunne bli sagde opp utan grunn, og om det var teknisk svikt, blei arbeidarane trekte i løn. Arbeidarane fekk ikkje lov til å organisera seg. Det var fleire streikar på 20- og 30-talet. På 30-talet flytta leiinga spinneriet til Egersund. Dette var meint som ein trussel for å visa arbeidarane at arbeidsplassane kunne forsvinna. Dei som jobba ved spinneriet, blei tvungne til å pendla, noko som var meir komplisert då enn det er i dag.

Konfliktane førte til at ei ny bedrift såg dagens lys.

– I 1938 gjekk arbeidarar saman og starta Gjestal spinneri. Mange av dei som var sinte på Svanedal, gjekk over til Gjestal. Konflikten gjorde at folk kunne bli frosne ut av sine eigne familiar.

ARBEIDSKRAFT UTANFRÅ

Både Svanedal og Gjestal spinneri fekk etter kvart mykje av arbeidskrafta utanfrå.

– Det kom jenter til Svanedal frå Karmøy og langs kysten heilt til Nord-Noreg. Ein kunne høyra mange dialektar i bygda. Både Svanedal og Gjestal spinneri bygde hus til arbeidarane. Svanedal hadde mellom anna to hus som blei kalla for hanehuset og hønsehuset.

STRIKKING

– Frå 30- til 70-talet eksisterte det ein fabrikk med namn Smestad strømpefabrikk. Dei selde strømper over heile landet.

Oftedal kjenner også til at seks-sju små enkeltmannsføretak blei drivne i uthus og kjellarar.

– Dei strikka badebukser, Hjallis-luer og skjerf. Eg hadde sjølv ei slik badebukse. Ho kløddе, og når ho kom i vatn, blei ho tung og fall av.

FARVEL TIL SPINNINGA

Etter kvart blei det mindre ullvareproduksjon i Oltedal.

– Vang forsvann på 70-talet. Brørne som dreiv det, var blitt eldre og ingen i familien ville driva vidare. I dag held Jackon til i lokala, men tidlegare har det vore laga både støypegods og trehjulssyklar der.

Oftedal fortel at tekstilindustrien i Noreg gjekk nedover på 90-talet.

– Men han heldt lenger i Oltedal enn på Ålgård. No blir det ikkje lenger produsert garn i Oltedal. Svanedal la ned på 2000-talet.

Lokala til Svanedal er blitt til lagarhallar for dagens næringsliv i Oltedal. Gjestal spinneri finst framleis og har fått namnet House of Yarn. Men alt som er att er eit lager og eit utsal. I tillegg finn ein konkurrenten Viking of Norway i dalen.

VATNET

Oftedal meiner at vatn har spelt ei heilt sentral rolle i utviklinga av næringslivet i Oltedal.

NOKON TIDLEGARE VERKSEMDER I OLTEDAL

- Oltes ullvare
- Oltedal ullspinneri
- Oltedal veveri/Svanedal ullvarefabrikk
- Vang spinneri
- Smestad strømpefabrikk

» REDAKSJON@GJESDALBUEN.NO

de industri-eventyret



til Gjesdal kommune)

> «Mange av dei som var sinte på Svanedal, gjekk over til Gjestal spinneri. Konflikten gjorde at folk kunne bli frosne ut av sine eigne familiar.
>
> *Torbjørn Mork Oftedal*

Torbjørn Mork Oftedal har sett seg godt inn i historia til Oltedal (foto: Kristine M. Stensland).

– Alle verksemdene var elektrisk drivne. Ein kan framleis sjå den 400 meter lange kanalen som Oltes laga frå elva for å få straum. Den fyrste kraftstasjonen til Stavanger kommune låg i Oltedal og stod ferdig i 1909.

TRANSPORT

Transportsektoren har også bidrege med arbeidsplassar i bygda.

– E. O. Oftedal er det eldste selskapet. Dei hjelpte i si tid Arne Garborg då han skulle koma seg til Oslo. Dei henta han ved Vaula bru og gav han vidare til neste firma då dei kom til Sirdal. I tillegg til E. O. Oftedal, finst i dag også transportselskapet Å. O. Transport i Oltedal.

Oftedal trur tida for kraftkrevjande industri i Oltedal er over.

– Naturen set ei grense for kor store bygg ein kan setja opp her.

Ein kan framleis sjå den 400 meter lange kanalen som Oltes ullvare laga frå elva for å få straum. Torbjørn Mork Oftedal meiner kanalen bør bli teken vare på som eit industriminne (foto: Torbjørn Mork Oftedal).

**Ved inngangsdøra til Oltes ullvare i år 1900: Dina Kjosavik, Milla Knutsen, Olga Oftedal, ?, Birk Oftedal, Alfred Oftedal, Ådne Oftedal, Ådne Lima, ?, ?, David Lima.
Framme: Per Oftedal, Kristian Oftedal, ?, ?, Rakel Serina Oftedal, Ingvald Oftedal.
(Bildet er henta frå fotosamlinga til Gjesdal kommune).**